

Høringsuttale, skulestruktur

Vi er klar

Bagn skule har det bra slik som skulestrukturen er i dag. Bygningen er tilpassa det elevtalet vi har. Men utifrå det økonomiske utføre Sør-Aurdal kommune er i, ser vi at vedtaket lyt gjennomførast. Bagn skule er klar til å ta tak i dei utfordringane vedtaket inneber. Vi meiner høringsdokumentet har drøfta dei elementa som er viktig for å gjera eit vedtak. Men vil her ytre våre utfordringar og tankar i forhold til høringsdokumentet.

Langsiktig tenking og handlekraft, kvar er den?

Det er no brukt store mengder tid og krefter i denne saka frå alle partar. Uvissa tek krefter frå små og store. På Bagn skule har det stadig vore endringar. Nye elevar frå fjern og nær, fleire timar og skuledagar, og nye reformer. Men bygningen er den same. Vi har ikkje før fått bygd opp ein base, før vi lyt flytte og etabler ein ny. No er plasseringane av materiell litt "her og der" og mest på gangen. Kva med Begnadalen skole? Blir det neste strukturendring at Begnadalen skal til Bagn skule?

I kva grad ynskjer skuleeigar å satse på skule? Skule er meir enn berre lønning til undervisningspersonalet. Det er bygningar og teknologi også. Skal til dømes vedlikehaldsetterslep i skula gå utover det pedagogiske tilbodet?

Digitale verktøy er ein av dei fem grunnleggjande ferdigheitene i læreplanen. Like viktig som lesing og rekning. I 2009 fekk Bagn skule 2 berbare pc'ar av potten. Med same elevtal og satsing, forutsett at alle maskinene lever evig, vil det ta 49 år før alle elevane ved Bagn skule har kvar sin pc.

Personalet ved Bagn skule kan ikkje akseptere å bli pålagt ytterlegare innsparingar, fordi skuleeigar ikkje gjer vedtak i ny struktur som inneber betring av budsjettet.

Klasserom kontra undervisningsressurs

Så lenge vi ikkje har nådd fram med våre behov i forhold til rom, spesielt to ekstra store klasserom. Lyt det kompensert med deling av elevgrupper, og tilhørande undervisningsressursar. Det er vanskeleg å berekne ressursbehov ved samanslåing av to skuler. Bagn skule har mange framandspråklege elevar som krev ekstra oppfølging. Spesielt assistentressursen meiner vi er for låg i høringsdokumentet. Assistentbehovet går ikkje ned ved samanslåing, fordi assistentbehovet i hovudsak er knytt til spesialundervisning.

Målet må vera plass til alle. I høringsdokumentet heiter det at "det er sjelden at samtlige elever i klassen er inne i klasserommet samtidig". Det er ikkje ei erfaring Bagn skule deler. Spesielt ikkje no med kraftige kutt i budsjettet for undervisningspersonalet.

Opplæringslova § 9a-2 si dette om det fysiske miljøet. **"Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivsel og læringa til elevane"** Frå høringsdokumentet heiter det at klasseromma skal kunne romme 24 elevar innanfor arealnorma forskriftene til Opplæringslova set.

Talet på elevar Bagn skule, skuleåret 2010 - 2011.

Klasse 2010/2011	Talet elevar pr 24/09/09	Talet elevar 01/01/10
1	31	31
2	26	27
3	19	20 (+1)
4	17	18
5	18	19
6	24	25 (+1)
7	19	20

* Bagn skule har fått 7 tilflytta elevar i januar 2010. To elevar kjem til skulen hausten 2010.

Storleik klasserom

Klasseromma er 6 X 8 meter = 48 kvadratmeter store. Det er inklusiv arealet av skåp, hyller, luftesjaker og liknande faste installasjonar. Inngangsdøra er ulikt plassert, slik at graden av utnytting er ulik frå rom til rom.

Arealnormer i grunnskula, forskrift Opplæringslova

Ved utrekning av arealet skal det takast omsyn til romma si utforming, rominnhald og ventilasjonsforhold.

- ✚ Minimum arealnorm er pr elev - 2 kvadratmeter.
- ✚ Når forholda ligg til rette for varierte arbeidsformer og spesielt utstyr bør minimumsnorma aukast til 2,5 kvadratmeter pr elev.
- ✚ Rommet bør utformast slik at minimum avstand mellom elevens arbeidsbord og varmekjelde/ ventilasjonsopning /vindauga er 80 cm.
- ✚ Dei nemnde arealnormene gjeld for elevane, slik at arealet for dei tilsette kjem i tillegg.

Tek vi å trekkjer frå 80 cm på langveggen mot vindauga/ varmekjelde, får vi at klasserommet er 43 kvadratmeter. Dvs at klasserommet kan romme 21-22 personar. Det er som nemnt i alle klasserom skåp og hyller, vask og ventilasjonsopningar i tillegg, som bør trekkast frå i berekninga. På Bagn skule har

vi elevar som treng spesialinnretningar i klasserommet. Då blir det fysisk ekstra trangt. I forhold til norma er dette ei snill vurdering. Ei vurdering i forhold til nybygg med god økonomi, ville kanskje 18-19 personar pr klasserom vore standard.

Utifrå ei slik (snill)vurdering er to klasserom overfylt. Dei andre klasseromma er i grenseland til å bli for fulle. Klassa på 31 elevar kjem i tillegg, og blir vurdert særskild nedanfor.

Vår erfaring er at klasseromma fungerer bra med inntil 22 personar. Elles kan det nemnast at ventilasjonsanlegget fungera bra, men når temperaturen kryp under -20 kuldegrader ute, fungera anlegget ikkje og lyt slåast av. Slik er det å bu i Noreg.

Grupperom

Rådmannen sitt forslag til utbygging i oppvekstgruppa rapport var det berekna 5 grupperom. I høringsutkastet no, er den beste løysinga 4 grupperom. Utearealet det skal byggast på blir i høgste grad brukt av elevane. Men det vil gjelde uansett kvar utbygginga skjer. Det er rimeleg å anta at her har økonomiske prinsipp gått framfor pedagogiske. Då lyt vi vel håpe på at det blir fire, og ikkje tre grupperom. Færre rom betyr mindre rasjonelt drift, og det blir behov for meir ressursar til undervisningspersonalet. Utreiinga si også at det er viktig å halde bygginga innanfor kostnadsramma på 1,8 millionar. Eit naturleg spørsmål blir om det å halde seg innanfor kostnadsramma berre gjeld utbygging på Bagn skule?

Mjølkerampa - 1. klasse

Mjølkerampa er ei hellig kyr. Det er heilt naudsynt for ei skule å ha eit felles samlingsrom. I høringsdokumentet er det tenkt å bruke Mjølkerampa til klasserom. Det kan sjå ut som at 1. klasse lyt delast i to. Ei klasse på Skreddarbrøtin (Kunst & Handverkar rommet), og ei på Leikebakke (1. klasserommet). Dette er to totalt ulike rom innhaldsmessig. Det blir difor ei stor pedagogisk utfordring dersom alle skal få same undervisning.

Dusj og garderober for elevbruk

Bagn skule har ingen rom for skifting og dusj av elevar. Vi har erfaring med at dette er noko skule lyt få snarleg.

Arbeidsplass, møterom, lager til læremiddel

Høringsdokumentet gje ingen løysing på kvar vi skal lagre læremiddel og liknande, når lageret blir arbeidsplassar. Læremidlet er viktig å ha lett tilgjengleg i det daglege arbeidet. Vi er kjend med at Reinli skule har ein god del materiell. Kvar vi skal lagre skulene sitt materiellet blir ei stor utfordring.

Positivt med eit større miljø

Vi veit at med eit større miljø blir det lettare for elevane å finne seg vener med same interesser og hobbyar. Det gjeld like mykje for Bagn skule som Reinli skule.

På personalsida veit vi at Reinli skule har dyktig medarbeidarar. Eit større miljø gjer at fagleg utveksling blir lettare, og vi kan utfylle kvarandre. Ved sjukdom og behov for vikar, blir det fleire å spela på slik at systemet blir mindre sårbart. Det er også lettare å rekruttere nye medarbeidarar til ei stor skule.

Valets kvalar

Vi forstår at skuleeigar har ei vanskeleg oppgåve i å vurdere ulike alternativ opp mot kvarandre. I den pågåande diskusjonen om felles ungdomskule, og reiseavstanden for Hedalen sine ungdomskuleelevar har vi ingen kommentarar. Det vi oppmodar skuleeigar til å tenkje på er følgjande eksempel. Vi har to klasser på ca 50 elevar som blir svært trongbudd. Tenkje vi at dei må vera samla ca 50% av tida i klasserommet blir det mange timar på sju år. For ein sjuandeklassing vil det si 1995 timar (60 minutt timar) i vårt inneklima berre for eit år.

Konklusjon

Når vedtaket inneber ei minimering av utbygging. Inneber det at drifta blir mindre rasjonell og kostbar i form av økte utgifter til undervisningspersonalet.

Det er mange utfordringar i forhold til det å flytte Reinli skule til Bagn skule. Men det er mogleg. Bagn skule får eit rikare miljø med fleire elevar og lærarar.

Bagn skule treng nå å få eit vedtak som gjer at vi kan koma i gang å arbeide, slik at alt er klart til hausten.

Vi ynskjer Reinli skule velkomne til Bagn skule frå hausten 2010.

Bagn skule 25. januar 2010

Med helsing frå

Undervisningspersonalet Bagn skule